



Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/2627-3

## **Tertiアルrapport 1/2018**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:**

### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018**

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 0,800 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,800 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 11,000 mill. kr.
- 4 Regionale utviklingsmidlar vert redusert med 0,180 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,112 mill. kr.
- 6 Bruk av disposisjonsfond vert auka med 27,500 mill. kr.
- 7 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfond med 1,650 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 8,680 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 5,680 mill. kr.*

*Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr.*

*Teneste 7154 Klima vert auka med 2,000 mill. kr.*

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 0,862 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.*

*Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.*

*Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod vert auka med 0,250 mill. kr.*

*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,500 mill. kr.*

*Teneste 5202 Gjesteelever vert redusert med 0,700 mill. kr.*

*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 2,600 mill. kr.*

*Teneste 5540 Fagskulen vert redusert med 1,112 mill. kr.*

*Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 1,100 mill. kr.*

*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 9,200 mill. kr.*

*Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,700 mill. kr.*

- 10 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7019 Andre næringsområde, vert redusert med 0,180 mill. kr

- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 30,220 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 34,820 mill. kr.*

*Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 14,300 mill. kr.*

*Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 7,200 mill. kr.*

*Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 4,100 mill. kr.*

*Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter vert auka med 5,000 mill. kr.*

*Teneste 7323 Båt – Diverse vert auka med 1,600 mill. kr.*

## B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

## C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

### **Vedlegg:**

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T1/18.
2. a. Søknad frå Fagskulen i Sogn og Fjordane  
b. Vedtak frå styremøte – sak 4/2018
3. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan.
4. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan.
5. Rapportering på finansporteføljen.
6. Rapportring på konsesjonskraftomsetjinga.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. ØKONOMISK STATUS

Tertiairrapporten syner eit meirforbruk på om lag 12,7 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår å nytte auka konsesjonskraftinntekter på 11 mill. kr til å dekke størsteparten av dette meirforbruket. Bruken av lokale inntekter vert difor høgare enn det vedtekne «taket» på 40 mill. kr. I tillegg vert det tilrådd å saldere budsjettet med ytterlegare bruk av bufferfondet. Dei tilrådde endringane i driftsbudsjettet er vist i tabell i vedlegg 1.

Dei siste tertiairrapportane og rekneskapsresultata har synt eit mindreforbruk i høve budsjetta. Når denne tertiairrapporten viser eit meirforbruk, kan det vere eit teikn på at driftsrammene no er på eit nivå som ikkje er heilt tilpassa den aktiviteten vi har. Innsparingstiltaka (jf. inntektsystemet) er ikkje tilstrekkeleg til å få drifta i balanse då andre budsjettføresetnader ikkje vert innfridd. Vi ser også at vi har lukkast med å redusere «bufferar» på ulike løyvingar med den konsekvensen at vi no har eit meirforbruk. Viss vi skal unngå ytterlegare innsparingskrav på sektorrammene i tida fram til 2020, vil prioritering mellom naudsynte/ikkje naudsynte tiltak vere svært viktig for at vi skal ha tilgjengelege fondsmidlar som kan nyttast til saldering.

Investeringsprogrammet for bygg legg opp til ein samla auke på om lag 1,5 mill. kr. Auken er knytt til overført mindreforbruk for 2017 på om lag 7,4 mill. kr og ein reduksjon på 5,9 mill. kr i denne tertiairrapporten. Reduksjonen skuldast i hovudsak at midlane til planlegging av nye prosjekt vert reduserte i 2018 med ein tilsvarende auke i 2019.

Investeringsprogrammet for fylkesveg og skredsikring legg opp til ein samla auke på 29,4 mill. kr. Auken skuldast overført mindreforbruk for 2017 på om lag 58,6 mill. kr og ein reduksjon i denne tertiairrapporten på om lag 29,2 mill. kr.

## 2. DRIFTSBUDSJETTET

### 2.1 Fylkesskatt og statlege overføringer

Pr. mars 2018 har skatten ein vekst på 3,3 % i høve 2017. I statsbudsjettet vart det lagt til grunn ein vekst på 2,7 %. Det er enno tidleg på året og fylkesrådmannen vil difor ikkje tilrå å endre vekstanslaget for 2018. Vidare er folketalsutviklinga i fylket pr. 31.12.2017 dårligare enn det som vart lagt til grunn i budsjettet for 2018, noko som fører til redusert skatt med omlag 0,8 mill. kr.

Etter budsjettforliket i Stortinget blei rammetilskotet 0,8 mill. kr høgre enn føresett i budsjettet. Auken i rammetilskotet skuldast:

Meirinntekter tapskompensasjon	1,129 mill. kr
Redusert rammetilskot pga. auka skatteanslag	-0,209 mill. kr
Korrigerte kriteriedata off. veg	<u>-0,118</u> mill. kr
SUM	0,802 mill. kr

Fylkesrådmannen tilrå ut frå dette at rammetilskotet vert justert opp med 0,8 mill. kr, med ein tilsvarende nedjustering av skatten.

### 2.2 Lokale inntekter

Lokale inntekter er i budsjettet avgrensa til konsesjonskraftinntekter.

Budsjett 2018 byggjer på prisar og volum pr. 01.09.2017.

Den nye prognosen bygger på faktisk mengde konsesjonskraft og prisbilete pr. 30.04.2018. Mengda konsesjonskraft viser seg å vere 12 Gwh lægre enn føresett, og skuldast i hovudsak auka uttak i Aurland kommune. Vidare er prisbiletet no vesentleg betra, og ny prognose for konsesjonskraftinntektene syner ein auke på 11 mill. kr i høve gjeldande budsjett.

I budsjettet er konsesjonskraftinntekter til driftsføremål sett til 40 mill. kr. Meir-/mindreinntekt i høve 40 mill. kr vert i utgangspunktet saldert mot bufferfondet. Då denne tertialrapporten samla sett syner eit meirforbruk, vil fylkesrådmannen tilrå at meirinntekta på 11 mill. kr vert nytta til saldering.

Konsesjonskraftinntektene vert tilrådd auka med 11 mill. kr.

### 2.3 Regionale utviklingsmidlar frå KMD

Budsjetterte regionale utviklingsmidlar (KMD) er på 54,1 mill. kr i 2018. Endeleg fordeling av KMD-midlane er no kjend og fylkeskommunen si ramme er 0,180 mill. kr lægre enn budsjettet. Fylkesrådmannen tilrå at budsjetterte KMD-midlar vert redusert tilsvarende.

Då bruken av alle KMD-midlar er budsjettert hos næring og kultur, tilrå fylkesrådmannen at teneste 7019 andre næringsområde vert redusert tilsvarende. Reduksjonen i inntekta vil difor ikkje ha noko salderingsmessig effekt.

### 2.4 Driftsmidlar til investering

Driftsmidlar overført til investeringar vert auka med 2,112 mill. kr, jf. pkt. 2.6 teneste 5540 Fagskulen.

### 2.5 Politisk styring, plan og forvaltning

#### Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle

Fylkesrådmannen tilrå at tenesta samla vert auka med 5,680 mill. kr. Midlane vert omprioriterete frå teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald, jf. pkt. 2.7. Løyvinga skal nyttast til:

## Sykkelbyavtale

I regional transportplan er sykkelbyavtalen med Førde kommune vedteken forlenga med 4 år gjeldande fra 01.01.18 til 31.12.21. Kostnaden for 2018 er 0,180 mill. kr.

## *Tiltak for gående og syklende – enkle fysiske tiltak i dei største sentrumsområda*

Det er løyvd 10,5 mill. kr i investeringsbudsjettet for 2018 til enkle fysiske tiltak i dei største sentrumsområda. Dei tiltaka som er peika på i gå- og sykkelstrategien viser seg å vere delvis tiltak på anlegg som ikkje er eigmeldt av fylkeskommunen, og det kan difor ikkje nyttast investeringsmidlar til desse tiltaka. Fylkesrådmannen vil tilrå å nytte 5 mill. kr i tilskot til slike tiltak i 2018. Løyvinga i investeringsbudsjettet vert tilsvarende redusert, jf. pkt. 3.2.

## *Tilskot til prosjektmidlar til å greie ut heve/svingbru på fv. 92 Søreide Høyanger*

Høyanger kommune har søkt om 0,5 mill. kr i prosjektmidlar til å greie ut ei ny heve/svingbru ved Søreide på fv. 92 Høyanger sørsida (Straumenprosjektet). Hovudutvalet for samferdsle vedtok følgjande i HS-sak 6/18:

«*Hovudutval for samferdsle ser at FV92 – Straumenprosjektet har fleire positive sider både knytt til næringsutvikling og betra vassgjennomstrøyming, og ikkje minst det at fleire aktørar er villige til å bidra til finansiering. Ber difor om at det blir gjeve tilskot til planlegging samband med 1. tertial.»* Det vert no sett av 0,5 mill. kr til utgreininga.

## Teneste 4801 Juridisk honorar

I budsjettet for 2018 er det løyvd 1 mill. kr til ekstern bistand i samband med SFE-prosessen. Dette er ikkje tilstrekkeleg i høve det arbeidet som vert gjort. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke budsjettet med 1 mill. kr for 2018. Det er uvisse kring kor store kostnadane for 2018 vil bli. Løyvinga vil difor bli vurdert på nytt i tertialrapport 2/18.

## Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima

I sak om regional plan for klimaomstilling, som går parallelt med denne saka, vert det lagt opp til å auke tenesta med 2 mill. kr i 2018 for å styrke tilskotsordninga innan klima og miljø. Fylkesrådmannen tilrå som følgje av dette at teneste 7154 vert auka med 2 mill. kr i 2018.

## **2.6 Opplæring**

### Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Prognosene for 2018 tilseier eit mindreforbruk på tenesta på 2,5 mill. kr, dvs. om lag på same nivå som rekneskap 2017. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta frå 2018 vert redusert med 2,5 mill. kr.

### Teneste 5151 Fellesutgifter

Arbeidet med nytt skuleadministrativt system (nytt namn Visma InSchool) er omfattande, og forseinka framdrift medfører noko forskyving. Planen er at nytt system skal rullast ut i Sogn og Fjordane i løpet av 2019. Forskyvinga medfører reduserte kostnader i 2018 på 2,5 mill. kr. Det er behov for ein tilsvarende auke i løyvinga for 2019.

### Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Det er budsjettert med om lag 7,0 mill. kr til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Ut frå vurdert behov tilrår fylkesrådmannen at løyvinga i 2018 vert redusert med 1,5 mill. kr.

### Teneste 5202 Gjesteelevar

Løyvinga til gjesteelevar er ei anslagsløyving, og utifrå rekneskapsresultatet for 2017 tilrår fylkesrådmannen at løyvinga i 2018 vert redusert med 0,7 mill. kr årleg.

### Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Fylkesrådmannen si vurdering er at løyvinga til gratis lærermiddel er noko høg i høve vurdert behov. Løyvinga vert tilrådd redusert med 0,5 mill. kr årleg frå 2018.

### Teneste 5620 Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er ei anslagsløyving med stor grad av uvisse. I 2017 var det eit mindreforbruk på tenesta, i hovudsak knytt til ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane og eksternt kjøp av tenester. Med bakgrunn i dette og vurdert behov på desse områda i 2018, er det fylkesrådmannen si vurdering at løyvinga i 2018 kan reduserast med om lag 2 mill. kr.

Tal sokjarar for skuleåret 2018/19 viser ein auke på nærmare 50 % i høve førre skuleår for elevar frå språklege minoritetar med rett til særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12. Heilårsverknaden av auken er rekna til om lag 2 mill. kr, medan verknaden for 2018 vert om lag 0,9 mill. kr.

Samla tilrår fylkesrådmannen at løyvinga på tenesta i 2018 kan reduserast med 1,1 mill. kr.

#### Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Løyvinga til tilskot til lærebedrifter vart i FT-sak 58/17 *Endringar i budsjettet for 2017* auka som følgje av auke i tal lærekontraktar (tal tilskotsmånader). Fylkesrådmannen varsla i saka at han ville kome attende til ev. konsekvensar for 2018. Forbruket på tilskot til lærebedrifter var i 2017 om lag som budsjettet. Fylkesrådmannen legg til grunn at løyvingsnivået i 2018 vert videreført på same nivå som for 2017, og tilrår difor at tenesta frå 2018 vert auka med 9,2 mill. kr årleg.

#### Teneste 5702 Fagprøver

Tenesta hadde i 2017 eit meirforbruk i høve vedteke budsjett på om lag 1,7 mill.kr. Fylkesrådmannen legg til grunn at behovet årleg frå 2018 vert videreført på same nivå som rekneskapsresultatet for 2017, og tilrår difor at tenesta vert auka med 1,7 mill. kr.

Tilrådde endringar på opplæringssektoren per 1.tertial vert oppsummert i tabell under:

<b>Teneste</b>	<b>2018</b>
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-2,5
5151 Fellesutgifter	-2,5
5201 Pedagogiske fellesutgifter	-1,5
5202 Gjesteelevar	-0,7
5210 Utdanningsprogramma	-0,5
5620 Tilpassa opplæring	-1,1
5701 Opplæring i bedrift	9,2
5702 Fagprøver	1,7
<b>Netto meirbehov</b>	<b>2,1</b>

#### Buffer anslagsløyvingar – teneste 5210 utdanningsprogramma

Buffer for anslagsløyvingane vart oppretta for å oppretthalde ein viss fleksibilitet i dei årlege budsjetta, og skal nyttast om det oppstår uføresette utgifter knytt til ein eller fleire av anslagsløyvingane. Med bakgrunn i dette, samt at rekneskapsresultatet til opplæringssektoren over fleire år har vist mindreforbruk, tilrår fylkesrådmannen at 2,1 mill. kr av avsett buffer i 2018 vert nytt til å dekke meirbehovet på sektoren.

#### *Særskilte saker under opplæringssektoren*

##### Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod

Jf. FT-sak 4/18 Fylkesvise mobbeombod vert det no løvd 0,250 mill. kr i 2018 til etablering av mobbeombod i Sogn og Fjordane. Heilårsverknaden for 2019 er 0,5 mill. kr.

##### Teneste 5540 Fagskulen

Fagskulen gjorde nokre ombyggingar og kjøp i 2017 som vert definert som investeringar. Skulen hadde ikkje eit investeringsbudsjett i 2017 og fekk difor eit meirforbruk i investeringsrekneskapen på 2,112 mill. kr. For å dekke inn dette, har Fagskulen søkt om å få tilført 1 mill. kr, noko fylkesrådmannen vil tilrå, jf. pkt. 2.4. Søknaden følgjer som vedlegg 2. Vidare må Fagskulen omdisponere 1,112 mill. kr frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet. Som følgje av dette vert tenesta tilrådd redusert med 1,112 mill. kr med ein tilsvarande auke i driftsmidlar overført til investering.

## **2.7 Samferdsle**

#### Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Det vert tilrådd å omprioritere 5,680 mill. kr til teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle, jf. omtalen under pkt. 2.5.

Statens vegvesen (SVV) melder om ei samla prognose på om lag 44,5 mill. kr (netto) i meirforbruk. Innanfor drift vert det rapportert om eit meirforbruk på omlag 17 mill. kr. Av dette er om lag 13 mill. kr knytt til ekstraordinært oppryddingsarbeid etter skred og flaum. Det er i hovudsak raset ved fv. 53 Finnsåstunnelen i Årdal som har gitt store ekstrakostnader. Meirforbruket innanfor vedlikehald er i hovudsak knytt til tunnelvedlikehald med 27,5 mill. kr. Årsaka er i stor grad forsert framdrift på fv. 55 Hovdetunnen og fv. 55 Vadheimtunnelen.

Fylkesrådmannen tilrår at dei uføresette kostnadane knytt til skred og flaum, og meirforbruket knytt til tunnelvedlikehald vert kompensert med samla 40,5 mill. kr slik:

- 13 mill. kr vert omdisponert frå teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar.
- I tertialrapport 2/17 blei det sett av 57 mill. kr til disposisjonsfond for å sikre tilstrekkeleg løyvingar knytt til tunnelrehabilitering seinare år. Meirforbruket på 27,5 mill. kr knytt til tunnelvedlikehald vert såleis dekka av tilgjengelege fondsmidlar.

Samla tilrår fylkesrådmannen at tenesta vert auka med 34,820 mill. kr.

#### Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar

Ut frå omtale over tilrår fylkesrådmannen at 13 mill. kr vert overført til teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald. Vidare er det nytta 1,3 mill. kr av denne løyvinga til dekke utgifter knytt til båttransport til Årdal i samband med raset ved fv. 53 Finnsåstunnelen. 1,3 mill. kr vert difor overført til teneste 7323 Båt - diverse.

Samla tilrår fylkesrådmannen at tenesta vert redusert med 14,3 mill. kr.

#### Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Kompensasjon frå staten som følge av auka mva-sats på persontransport er budsjettet på teneste 7300. Det viser seg at 1,8 mill. kr av dette gjeld billettinntekter på ekspress- og lokalbåt.

Vidare vart teneste 7300 redusert med 2,7 mill. kr som følge av gjeninnføring av differensiert arbeidsgjevaravgift. 0,9 mill. kr av kostnadsreduksjonen hører til ekspress- og lokalbåt.

Som følge av desse to tekniske endringane vert 0,9 mill. kr overført til teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter.

I bussanbodet for Sogn er det nytta ein ny indeks for vognkostnad. Indeksreguleringa pr. 1.7.2017 viser at denne indeksen har ei utvikling som ikkje samsvarar med faktisk kostnadsutvikling hjå busselskapet. Sidan kontraktninga våren 2016 har vognkostnaden auka med 106 %. I same periode har vognkostnaden på dei andre busskontraktane, som nytta ein annan indeks, hatt ein svak nedgang. Det har vore arbeidd med å finne ut om det er grunnlag for å endre reguléringsmekanismen i kontrakten og det er forhandla med operatør. Dette har ikkje ført fram. Kontrakten er på nytt regulert pr. 1.1.18 og syner no ein kostnadsauke på 9 mill. kr.

Ei samla vurdering av tenesta viser mindreforbruk på andre område, slik at det totalt vert eit meirforbruk på om lag 7,2 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at teneste 7300 vert auka med 7,2 mill. kr.

#### Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Løying til sambandet Frønningen – Kaupanger er budsjettet på denne tenesta. I statsbudsjettet for 2018 er det no stilt krav om ei viss trafikkmengde for at eit samband skal telje som ferjesamband. Frønningen – Kaupanger tilfredsstiller ikkje dette kravet og sambandet vert definert som båtrute. Budsjettet beløp på 4,1 mill. kr blir derfor flytta til 7322 Båt - ekspress- og lokalruter.

#### Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter

Tenesta vert auka med 5 mill. kr grunna overføring av midlar frå ferjedrift (4,1 mill. kr) og buss (0,9 mill. kr), jf. nærmare omtale over.

#### Teneste 7323 Båt – diverse

I FU-sak 125/16 *Stadt skipstunnel – Intensjonsvedtak om utgreiing* var FU positive til å greie ut ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund. Det vart vidare føreset at dei to nabofylka bidreg med 2/3 av utgreiingskostnaden. Møre og Romsdal fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har no sett av 0,3 mill. kr kvar til dette føremålet, og vi må no løyve vår del - 0,3 mill. kr.

Vidare vert det overført 1,3 mill. kr frå teneste 7223 – fylkesvegar – uføresette hendingar, jf. omtale over.

Samla vert tenesta auka med 1,6 mill. kr.

### **3. KAPITALBUDSJETTET**

#### **3.1 Investeringsprogram for bygg**

Fylkesrådmannen tilrår å auke investeringsbudsjettet med om lag 1,5 mill. kr. Auken er knytt til overført mindreforbruk i 2017 på 7,4 mill. kr og ein reduksjon i denne tertialrapporten på om lag 5,9 mill. kr. Reduksjonen skuldast i hovudsak at midlane til planlegging av nye prosjekt vert redusert i 2018, og tilsvarande auka i 2019. Endringar som ikkje gjeld overført mindreforbruk i 2017 vert omtala under.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for bygg følgjer som vedlegg 3.

#### O2M01 «Miljøprosjekt» - ufordelt

Miljøprosjektet hadde eit meirforbruk i 2017 på om lag 1,9 mill. kr. Etter oppdatert framdrift for prosjektet, tilrår fylkesrådmannen å løyse dette meirforbruket ved å redusere løyvinga i 2018 og 2019 med likt beløp.

#### OR100 Enkle tiltak for gåande og syklande – ufordelt

Det er lagt opp til å overføre 5 mill.kr frå investeringsprogrammet for fylkesvegar til investeringsprogrammet for bygg, jf. pkt. 3.2.

Løyvinga skal nyttast til enkle fysiske tiltak for gåande og syklande i 2018. Følgjande vidare-gåande skular vil bli prioritert i 2018:

- Firda vgs.
- Måløy vgs.
- Mo og Øyrane vgs.
- Sogn jord- og hagebrukskule
- Høyanger vgs.

#### NY001 (skulebruksplanen), SA001 og SA002

I rekneskapsavslutninga for 2017 viser det seg at det er meirforbruk knytt til prosjekt NY001, SA001 og SA002 på om lag 3,7 mill. kr samla. Desse prosjekta har ikkje løyving i 2018.

Fylkesrådmannen legg opp til å dekke inn meirforbruket ved å auke budsjettet til desse prosjekta tilsvarande.

#### NY224 Sogndal vgs. byggesteg II

Ved ein inkurie har overført mindreforbruk tidlegare år vore 1,5 mill. kr for lite, slik at den totale kostnadsramma har vorte redusert. Dette vert no retta opp, og løyvinga til prosjektet vert auka med 1,5 mill. kr i 2018.

#### H1000/H1001 Investeringer fagskulen

I 2017 vart det gjort investeringar knytt til Fagskulen, som har medført overskridning av investeringsbudsjettet for skulen, jf. pkt. 2.6. Meirforbruket vert no løyvd opp att i 2018, finansiert med driftsmidlar overført til investering.

#### KU003 Kulturminne

I rekneskapsavslutninga for 2017 vart det sett av 0,630 mill. kr til kjøp av naudsynt teknisk utstyr til registrering av kulturminne i 2018. Det viser seg at dette vert klassifisert som ei investering i rekneskapen. Fylkesrådmannen tilrår difor at investeringsprogrammet vert auka med 0,788 mill. kr, finansiert ved bruk av ubunde fond og mva-refusjon.

### Nye prosjekt – ikkje fordelt pr. år

Det er i budsjettet for 2018 sett av 45 mill. kr til planlegging av nye investeringar. Planleggingsmidlane for 2018 vert no fordelt per prosjekt. Etter oppdatert framdrift per 1. tertial vert 25 mill. kr fordelt på desse prosjekta:

- NY234 Førde vgs/campus Førde
- NY235 Sogndal vgs avd Kaupanger
- NY236 Sogndal vgs avd. Kaup/Vitensenter
- NY237 Flora idrettssenter
- NY238 Måløy vgs – blokk A og D
- NY239 MØY vgs – internat mm.
- KU003 Gulatinget

Resterande løyving på 20 mill. kr vert overført til 2019.

### **3.2 Investeringsprogram for fylkesvegar**

Fylkesrådmannen tilrår ein auke i investeringsbudsjettet i 2018 på 29,4 mill. kr frå 278,4 mill. kr til 307,8 mill. kr. Auken er knytt til overført mindreforbruk i 2017 på 58,6 mill. kr og reduksjon i denne tertialrapporten på om lag 29,2 mill. kr.

<b>Endringar i Tertial 1/18</b>	<b>Beløp i mill. kr</b>
Overført mindreforbruk frå 2017	58,633
Samla mindreforbruk i tertialrapport 1/18	-29,254
<b>Sum</b>	<b>29,379</b>

Detaljert investering- og finansieringsprogram for fylkesvegar følgjer som vedlegg 4.

#### Overførte midlar frå 2017

Som tidlegare år tilrår fylkesrådmannen å overføre meir-/mindreforbruk frå 2017 til dei aktuelle prosjekta i 2018. Samla var mindreforbruket i 2017 på 58,6 mill. kr fordelt med 44,7 mill. kr på ordinære prosjekt og 13,9 mill. kr knytt til skredsikring. Fylkesrådmannen vil difor tilrå å auke prosjektløyvingane i 2018 tilsvarende. Då fylkeskommunen ikkje fekk føresett mva-refusjon i 2017, vert årets låneopptak auka med 5,3 mill. kr for å dekke inn manglande finansiering på dei overførte løyvingane.

#### Endringar i tertialrapporten

Det vert rapportert om endringar som samla sett gir eit mindreforbruk på om lag 29,2 mill. kr i 2018. Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarende budsjettendring i 2019. Det vert tilrådd følgjande endringar i prosjektløyvingane:

#### *Store prosjekt:*

- Fv. 60 Ugle – Skarstein vert redusert med 21,9 mill. kr grunna varig innsparing i prosjektet. Satens vegvesen orienterte om denne innsparingen for seint til at det vart innarbeidd i budsjettet for 2018.
- Fv. 698 Blaksettunnelen vert auka med 5,7 mill. kr grunna forsert framdrift. Dette påverkar ikkje totalprognose for prosjektet.

#### *Førdepakken:*

- Førdepakken vert redusert med 9,6 mill. kr grunna forseinkinger.

#### *Gang og sykkelvegar:*

- Enkle fysiske tiltak vert redusert med 10,5 mill. kr.

Av dette er 5 mill. kr overført til investeringsprogram for bygg til investeringar for gående og syklande i tilknyting til bygg eigd av fylkeskommunen. Tiltaka er nærmare omtalt under pkt. 3.1

Det vert også vist til omtale under pkt. 2.5 , der budsjettet er auka med 5 mill. kr til slike tiltak.

*Planlegging og prosjektering:*

- Planlegging og prosjektering vert auka med 1 mill. kr knytt til oppstart av arbeid med reguleringsplan for fv. 55 Kjenes (skredsikring). Det er føresett at løyvinga vert finansiert med tilskott frå Sogndal, Leikanger og Balestrand kommune.

*Skredsikring:*

Budsjettet til skredsikring vert auka med om lag 6 mill. kr. Dei største endringane er følgjande prosjekt:

- Fv. 722 Flovegen vert auka med 4,9 mill. kr grunna forsert framdrift. Dette påverkar ikkje totalprognosene for prosjektet.
- Prosjektering mindre skredsikringstiltak vert auka med 1 mill. kr grunna meirforbruk.

#### **4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KOSESJONSKRAFT**

Rapportering på finansporteføljen per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/18. Rapporten følgje som vedlegg 5.

Rapportering på kosesjonskraftomsetjinga per 1. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 1/18. Rapporten følgjer som vedlegg 6.